




PÅ LANGTUR: Jennifer og James Hamilton og skipskatten Spitfire på Korsnesvika måndag.



I KVAR EIN KROK: Reiseloggen måndag.



Glimrande solo-debut

Vi har tidlegare skrive om Ganges/ Arnt Helge Nordal frå Syvde som kom med ny plate for om lag ein måned sidan. Adresseavisa i Trondheim, som no er heimstaden til artisten, ga plata ein god 5' ar på terningen då dei hørde på plata. Endeleg har også vi fått lagt plata *Shortcut to salvation* til Ganges på platespelaren.

Dei ti songane på plata tek oss gjennom eit varierende musikklandskap, der både variasjon i stemme, tematikk og lydbilde kjem fram. Ganges sitt lydbilde er mykje prega av 60-talet og Beatles, men er også innom 90-talet, og kan kategoriserast som pop/ rock, med ein del songar som opplevast som sjevande eller drøymande.

Andre songar igjen har ikkje eit så flytande pop-preg, men meir energisk og rein pop. Låta *A place to grow* er ein meir opp-tempo-song, noko som reflekterer teksten i refrenget, der han syng til ein afghansk gut i Trondheim som vart sendt ut av landet: *They're coming after you, running after you won't let you go.*

På denne plata er det tydeleg at Ganges har leika seg med musikken for å få fram det han beskrev som "Ganges-pop": "Småsofistikert pop med ein viss nostalgi i", og har i fleire låtar lagt vekk den tradisjonelle oppfatninga av oppbygging av ein song (vers/refreng/vers).

Eit anna kjenneteikn som går igjen på eit par songar, er bruken av lydefekt eller opptak. Tittelen på songen *20.21*, som finst både i del ein og del to, viser til talet på to seter på eit tog. Og songen får eit ekstra preg av å vere på eit tog når nett introen til songen er av eit tog som kjem sakte inn til perrongen. Dette er eit opptak han sjølv spelte inn på undergrunnsbana i London.

Som Ganges sjølv nemnde i intervjuet tidlegare i år, er det nokre songar

om "hjerter og smerte", som A-sida av plata er prega av. Andre tekstar går meir inn på det politiske plan, til dømes når han syng: *When refugees - abandoned out to sea. And all we really care about is what to have for tea* i låten *Moonlight*.

Med ei klar stemme og eit spekter av instrument, legg han fram bodskapa i songane. Sjølv bidreg han med både vokal, akustisk gitar, piano, harmonium, opptak og lydeffektar, men ein får også ein smak av strykeinstrument, theremin og trekkspel.

Etter å ha høyr gjennom desse låtane, kjem vi fram til at ein stor inspirasjon for Nordal nok må vere Jeff Lynne. Vokalisten i ELO (Electric Light Orchestra) er kjent for å lage eit lett gjenkjenneleg lydbilde med mykje instrumentbruk. Etter eit raskt google-søk der ein kjem over spørsmålet: "How do I get that Jeff Lynne sound?"/ "Korleis kan eg få Jeff Lynne- lydbildet?", kunne ein kanskje ha lyst til å be Ganges svare på dette, då det er nokre songar der ein klart kan trekke denne samanlikninga.

Alt i alt, når ein er gjennom denne reisa, og innom både pop, rap, sjevande, melankolske, dramatiske og energiske songar, finn ein heilt klart ein (eller fleire) som sett seg på hjernen - på ein god måte. *Shortcut to salvation* er ein god solodebut av den tidlegare vanylvingen, og kan anbefalast. Kanskje ei fin julegåve til nokon som likar litt nostalgi? Det er ikkje ofte ein vanylving gir ut plate, og dessverre har ein ikkje platebutikk her i området, men plata kan finnast på nettet. Og - vi må legge til at når ein kjøper plata, følgjer det også med ein CD, slik at det ikkje er berre dei som har platespelar som kan nyte musikken.

TANJA ANETT THUNEM